

# Oppvekstplan

Sektor oppvekst | 2022-2027



Volda  
kommune





## Forord

Oppvekstplanen er ei revidering av «Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst 2017-2020».

Det er fleire grunnar til at ei revidering var naudsynt.

- Hornindal og Volda kommunar vart slått saman til ein, felles kommune frå 01.01.20
- Frå same dato vart barnevernstenesta innlemma i sektor oppvekst
- Det har vore endringar i relevante lovar, forskrifter, rammeplanar og nasjonale retningslinjer
- FN sine berekraftsmål har fått større plass og merksemd i kommuneorganisasjonen
- Oppvekstplanen skal henge saman med kommuneplanen sin samfunnsdel
- Det er eit ønske at også frivillige lag og organisasjonar i større grad vert inkludert i planverk som gjeld barn og unge sine oppvekstvilkår

Tenesteutval for oppvekst og kultur vart orientert om revideringa i sitt møte 15.09.21. I dette møtet ga utvalet si tilslutning til prosess og framdrift i arbeidet med planen.

Planen har vore på høyring til alle tilsette i barnevernstenesta, helsestasjonen, barnehagane, grunnskulane, kulturskolen samt vaksenopplæring og integrering. I tillegg har brukarorgana (FAU og SU) i barnehagane og skulane delteke. Hovudtillitsvalde har og vore invitert i høyringa, og Ungdomsrådet har hatt møte for å gi sine innspel i arbeidet med revideringa. I høyringa fekk alle tilgang til eit arbeidsdokument som hjelp og støtte i arbeidet. Både kommunale og private barnehagar og skular har vore med i revisjonsprosessen.

Tenesteutval for oppvekst og kultur har og hatt eitt arbeidsmøte der ein gjekk gjennom det same arbeidsdokumentet.

**Rebecca Riise Bjerknes**

Leiar i Tenesteutval for oppvekst og kultur

Denne revideringa har teke opp i seg fleire av innspela som er komne inn. Elles er delar av innhaldet frå den førre planen teke med vidare, då ein vurderer at mykje framleis står seg godt.

Etter innspel vert visjonen endra til også å inkludere vaksne: Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistarar og lærer. Alle tilsette i sektoren skal kvar dag gjere sitt beste for at denne visjonen skal oppfyllest. Familie, frivilligheita og øvrig nettverk spelar også viktige og avgjerande roller for at visjonen vert oppfylt.

For at planen skal ha verknad og kraft, må tilsette og rådsorgan gjere seg kjende med og slutte opp om han. Dette skal leiarane i sektoren rette merksemda mot i tida som ligg føre.

Vi ønskjer alle lykke til med det viktige arbeidet til beste for barn, unge og vaksne.

**Per Ivar Kongsvik**

Kommunalsjef oppvekst

# Formålet med oppvekstplanen

Oppvekstplanen sitt formål er at sektoren sine verdier, mål og tiltak vert synlege for alle tilsette og dei som mottak tenester av sektoren vår.

Planen er å sjå på som eit verdidokument og ein overordna plan. Planen skal gi retning for korleis vi prioriterer i den daglege drifta og danne grunnlag for prioriteringar i til dømes budsjett – og økonomiplanarbeid. Alle våre tilsette og tenestemottakarar skal gjennom planen sjå kva vi forventar av kvarandre.

Sektor oppvekst er ein stor sektor med ulike tenesteområde og ulike lovgrunnlag. FN sin barnekonvensjon er utgangspunktet for arbeidet i sektoren. Rettane til barn er delt inn i følgjande hovudområde:

- 1) Barn har rett til liv og helse
- 2) Barn har rett til skulegang og utvikling
- 3) Barn har rett til omsorg og vern
- 4) Barn har rett til deltaking og medverknad

I tillegg til barnekonvensjonen er arbeidet i sektoren styrt av fleire ulike lovar og forskrifter. Nokre døme på desse er:

## Barnevernslova

§ 1-1, som m.a seier at Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlyhet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

## Helse- og omsorgstenestelova

som seier i § 1-1, punkt 2 at lova sitt formål er særleg å fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskelegstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemar

## Barnehagelova

som seier i § 2 at Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller


## Opplæringslova

som seier i § 1-1 at Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

Sjølv om lovgrunnlaga er ulike, heng mykje saman og det gir eit godt utgangspunkt for tverrfagleg samhandling.

Oppvekstplanen skal på ein oversiktleg måte formidle korleis Volda kommune løysar samfunnsoppgdraget som er gitt gjennom lov og forskrift.

Vidare stettar planen barnevernslova § 3-1, som seier at: Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.



## Omgrepsavklaringar

### SKULE

Når oppvekstplanen nyttar omgrepet skule tyder det alle grunnskular, kulturskulen, og all undervisning ved Volda læringssenter. Med omgrepet elev gjeld det alle elevar i desse skulane.

### TIDLEG INNSATS

tyder at tiltak vert sett inn så raskt som råd når det er behov for det. Det blir arbeidd utifrå ein tanke om at forebygging reduserer behova for større og meir omfattande tiltak seinare.

### TIDLEG INN

rettar seg mot det ufødde barnet og små barn. Formålet er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent og tverrfagleg hjelp på områda rus, psykisk helse og vald.

### TVERRFAGLEG SAMHANDLING

tyder ei heilskapleg tilnærming til barnet, ungdommen eller den vaksne ein arbeider med. Fagpersonar og resten av laget rundt barnet ser til at det blir gitt rett teneste til rett tid, og med rett omfang.

### LAGET RUNDT BARNET

er nemninga for alle som er viktige for eit barn si utvikling, tryggleik og liv. Både familie, øvrig nettverk og fagpersonar vil vere ein del av dette laget.

# Verdiane våre

Slik definerer Volda kommune verdiane sine:

## Raus

I Volda kommune er vi rause mot kvarandre. Vi gjev av oss sjølve og vil kvarandre vel. Vi spelar kvarandre gode. Vi er inkluderande i vår åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljøet. Vi leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer vi eller oppdagar vi feil, ser vi på det som ei moglegheit til å lære. Det skal vere godt å vere i fellesskapet i Volda kommune, og det skal kome brukarane våre til gode.

## Modig

I Volda kommune er vi modige. Vi tør å sleppe andre inn og gjere oss sårbare - og vi tør å stå opp for oss sjølve og har integritet. Vi har relasjonelt mot, er dyktige på å gje positive tilbakemeldingar til leiarar, kollegaer og brukarar - og vi tør å ta opp det som er vanskeleg. Vi tør å utfordre det etablerte og vi møter det ukjente på ein trygg og open måte. Vi tør å spørje kvifor og korleis, og vi tør å satse sjølv om vi ikkje alltid kjenner framtida.

## Lærande

Volda kommune er ein lærande organisasjon. Vi er opptatt av kontinuerleg forbetring, og lærar best i kvardagen. Vi veit at kvalitet i tenesta kjem der det er eit samspel mellom alle involverte partar. Vi oppmuntrar til nytenking og applauderar dei som får til ting i lag. Vi har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon. Hos oss fører ny lærdom til endring av åtferd og praksis.

## Kompetent

I Volda kommune er vi kompetente. Vi har mykje kunnskap, og vi veit at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei vi yter tenester til. Vi har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Vi verdsett personlege eigenskapar som gjer at vi kan framstå med truverd og naturleg autoritet. Vi synleggjer det vi trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane våre.



# Målsettingar

## Målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen i kommuneplanen vektlegg at folkehelse handlar om førebyggjande arbeid innan alle kommunen sine verksemdar, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenker helse i alt vi gjer.

For å få til dette slår samfunnsdelen fast at samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar og frivillige er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

*Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel, og reduserte sosiale forskjellar.*

*\* Henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel*

- Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn for barn og unge slik at fleire opplever meistring og fellesskap
- Vi har fokus på tidleg innsats, helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Vi legg til rette for meir leik, aktivitet og friluftsliv

## FN sine berekraftsmål

Volda kommune har i sine planstrategiar vedteke at berekraftsmåla i FN skal flettast inn i kommunen sine delplanar. For sektor oppvekst vurderer vi særleg at følgjande berekraftsmål er relevante:

### God helse og livskvalitet

God helse er ein grunnleggjande føresetnad for alle menneske si moglegheit til å nå sitt fulle potensiale og bidra til samfunnet si utvikling. Sektor oppvekst skal arbeide systematisk for å fremje god helse både psykisk og fysisk. Dette vert gjort m.a ved å gjennomføre universelle, pedagogiske program som omhandlar psykisk helse i barnehage og skule.

### God utdanning

Utdanning er ein grunnleggjande menneskerett. Utdanning er ein nøkkel til utvikling, og opnar moglegheitene for den enkelte og samfunnet. I sektor oppvekst er ein medvitne på at utdanningsløpet er både barnehage, grunnskule og vaksenopplæring og integrering.

### Samarbeid for å nå måla

Berekraftsmålet fungerer som ei felles, global retning og prioritert innsats i tida som kjem. Dette ligg til grunn i sektor oppvekst, sidan utgangspunktet er at samhandling gir betre tenester.



# Tverrfagleg samhandling

Sektor oppvekst er organisert på ein måte som skal kunne samordne det komplekse.

Sektor oppvekst er kompleks med eit vidt spenn av oppgåver og mange ulike profesjonar. Samordning av tenester er ei generell problemstilling i kommunane, mellom anna grunna manglande samordna overordna styringssignal i den

sektoriserte staten. Dette må sektor oppvekst kompensere for. Det er særleg brukarar med samansette behov, som er avhengig av ulike tenester, at samordningsutfordringane er størst. Det gjeld mellom anna utsette barn og unge og deira familiar.

I planperioden går kommunen inn i fleire utviklingsarbeid som skal vidareutvikle vår evne og kompetanse til tverrfagleg samhandling:

### TSG

(Forkorting for tverrfaglege samhandlingsgrupper). Alle barnehagar og skular har TSG, som er samansett av styrar/rektor, helsesjukepleiar, kommunepsykolog/spes.pedkoordinator, representant frå barnevern og representant frå PPT. Gruppene sitt formål og mandat er å sikre at fleire fagområde og profesjonar samhandlar for å sikre at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod så tidleg som råd. Vidare skal gruppene arbeide aktivt for eit trygt og godt læringsmiljø for alle barn/elevlar.

### BTI-modellen

(Forkorting for betre tverrfagleg innsats). Modellen skildrar korleis arbeide systematisk på tvers av tenestene kring eit barn/ungdom. BTI er særleg aktualisert grunna barnevernsreformen som inneber at fleire oppgåver og meir ansvar vert lagt på kommunane.

### Koordinator

Tilsetjing av koordinator, tidleg innsats. Koordinator er ansvarleg for at BTI-modellen vert implementert i organisasjonen, og er eit bindeledd i sektor oppvekst for samhandling mellom tenestene. Stillinga er nyoppretta frå vår 2022.

### Kompetanseløftet

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis vart varsla i Meld.St.6 (2019-2020), Tett på - tidleg innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skule og SFO. Hovudmålet i dette kompetanseløftet er at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Vidare ligg det i satsinga tilskot til kollektiv etterutdanning i barnehage og skule. Saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre deltek Volda kommune i dette, noko som vil halde fram i heile planperioden.

### Barn og unge si helseteneste

Volda kommune har starta eit utviklingsarbeid saman med Helse Møre og Romsdal. Målet er å utvikle verkty som skal bidra til at fagfolk skal klare å gje barn og unge eit samanhengande hjelpetilbod. Målet er å ferdigstille verkty for dei vanlegaste psykiske helseplagene hjå barn og unge. Mange av tenestene i Volda kommune vil bli involvert i dette arbeidet.

### Kompetanseheving psykisk helse

Volda kommune søkte og fekk midlar til kompetanseheving i psykisk helse i grunnskulen 2022. Ein prosjektleiar er tilsett i 20 % stilling for å arbeide med denne kompetanseutviklinga. Kompetansehevinga har mellom anna som mål å styrke skulen sitt førebyggjande arbeid mot psykisk uhelse.

# Målsettingar

## FOR OPPVEKSTSEKTOREN

### Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.

Oppvekstplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Vi har definert ein visjon som speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønsker å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde og leiestjerne for alle som jobbar i sektoren. Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene og måla som er nedfelt i rammeplan, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi må gjere. Visjonen vår trekker derimot fram det overordna målet vårt, og teiknar opp kursen for oss.

Å meistre er å få til noko, klare noko. Meistring skaper motivasjon og styrker sjølvbiletet. Meistringsoppleving



inneber også at andre ser og verdset det ein gjer. Slik er det ein samanheng mellom meistring, verdsetting og sosial deltaking.

### Bakgrunn for visjonen

Visjonen er formulert med bakgrunn i prosess i eigen organisasjon med mellom anna leiarsamlingar og arbeid i personalgruppene. Revideringa av planen har vist stor tilslutning til framleis å halde på visjonen, med eit tillegg om at vaksne også skal nemnast. Over tid har ein sett at sentrale styresmakter sine planar går hand i hand med dei tankane som har kome fram i eigen prosess i sektoren. I Stortingsmelding 6 (2019-2020), Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, skisserer regjeringa berande prinsipp for arbeidet med å forbetre utdanningssystemet: Tidleg innsats, inkludering og godt tilpassa pedagogisk tilbod. Dette bygde mellom anna på regjeringa sin plan i 2015 *Trygghet, deltaking og engasjement, som hadde følgande hovudmål: Et oppvekstmiljø med trygghet, læring og trivsel for alle.*

I folkehelsemeldinga (Meld.St.19, 2018-2019) legg statleg mynde vekt på at det er viktig å legge til rette for godt foreldreskap, trygge og gode heim, og et trygt og godt lokalsamfunn. På den måten kan man fremme god psykisk og fysisk helse i befolkningen. Blant tiltakene knyttet til tidlig innsats og god oppvekst, ønsker regjeringa å styrke helsestasjonar og skolehelsetjeneste, videreføre innsatsen mot vold og overgrep og bidra til god kvalitet i barnehage, skole og SFO.

Oppvekstplanen legg FN sin konvensjon om barn sine rettar (Barnekonvensjonen) til grunn for sitt arbeid med barn og unge, og seier at alle barn har rett til ein trygg oppvekst med

høve til å delta og utvikle seg ut frå egne føresetnader. Planen seier vidare at *alle barn og unge skal ha gode muligheter for utvikling, læring og kvalifisering og at dette er viktig både for å sikre en trygg og god barne- og ungdomstid, og for å gi barn og ungdom gode fremtidsmuligheter.*

Sentrale styresmakter har formulert følgande fire mål og prinsipp:

- Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø
- Like rettar og muligheter
- Deltaking og innflytelse
- Gode tilbod og tenester til alle

Seinare stortingsmeldingar, rammeplanar og lovar bygger vidare på måla og prinsippa over, m.a Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, ny barnevernslov av 01.01.22 og ny opplæringslov som er under revidering når Volda kommune sin oppvekstplan vert skriven.

### Utdjuping av visjonen

Visjonen teiknar eit ønska bilete, og er noko vi strekkjer oss etter og siktar mot. Ein oppfylt visjon vil føre til ein god grunnmur å leve resten av livet sitt på.

Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikle seg og delta i sosialt fellesskap. Dette tyder ikkje berre å høyre til i fellesskapen, men også å oppleve støtte til å etablere og utvikle gode relasjonar i samhandling med andre, noko som er med å skape grunnleggjande tryggleik. Tenestene skal bidra til at barn, unge og vaksne utviklar respekt og toleranse for andre.

For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei tilsette er kompetente og trygge i rollene sine. Dei må vere genuint interesserte i det ein skilde barnet, ungdommen og familiane.

Trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette skal vere til støtte for barn, ungdom og vaksne i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile tilsette med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst

og utvikling for eit barn. Desse tilsette må samhandle med resten av laget rundt barn og unge, som familie, slekt og nettverket elles.

Det er avgjerande for vidare vekst og utvikling å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, utviklingspotensiale og behov. Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på egne evner og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen.

Leik har ein eigenverdi. Leik er viktig for å bygge relasjonar mellom barna og mellom barn og vaksen. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenne og skaper gode fellesopplevingar. Tillit, tryggleik, fellesskap og meistringsopplevingar blir i mange barnegrupper utvikla gjennom leik.

Oppvekstplanen er delt inn i desse tre hovudområda:

1. Trivsel, deltaking og medverknad
2. Meistring og læring
3. Gode tilbod og tenester

Oppvekstplanen set fokus på kor viktig det er at barn, unge og vaksne som sektoren yter tenester til vert anerkjente og opplever meistring og tryggleik på dei arenaene dei er. Dei skal og oppleve medverknad og at tenestene våre er bunde saman i ein heilskap.

Det er nedfelt fleire delmål/ønska resultat fordelt på dei tre hovudområda, i tillegg til plan for utvikling av tenestene. Alle tilsette i sektor oppvekst er sentrale aktørar i arbeidet med å nå målsettingane i planen. Tett og godt samarbeid i sektoren er avgjerande for å nå måla.



# 1 | Trivsel, deltaking og medverknad

Sektoren skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosial tilhøyrslse.

## Ønska resultat

- Barn, unge og vaksne trivst, deltek og er inkluderte i fellesskapen
- Gode relasjonar mellom barn, unge og vaksne
- Styrka samhandlingskompetanse
- Førebygge sjukdom og skade, samt fremje god fysisk og psykisk helse
- Nulltoleranse for krenking, mobbing, diskriminering og trakassering. Ein skal møte denne utfordringa på ein systematisk og grundig måte
- Barn, unge og vaksne blir høyrde og synspunkta deira blir vektlagde
- Foreldresamarbeidet får auka merksemd i høve det helsefremjande perspektivet
- Auka oppleving av å høyre til i fellesskapen og motarbeide utanforskap
- Trygge foreldre som gir barna sine god omsorg heime.

## Utvikling av tenestene

- Sikre systematisk arbeid for gode læringsmiljø, gjennom å nytte målretta kompetansetiltak
- Styrke og utvikle eit godt rettleiingstilbod til foreldre
- Styrke den sosiale fellesskapen
- Vidareutvikle bruken av barnesamtalar
- Utvikle og styrke den samla kompetansen i sektoren
- Stimulere til aktive rådsorgan: Elevråd, FAU, SU, SMU og kommunalt ungdomsråd
- Klare rutinar for korleis krenkande åtfærd skal førebyggast, avdekkast og handterast

For å lukkast i arbeidet mot mobbing, treng vi systematisk arbeid der heile laget rundt barnet deltek. Leiarane må tydeleg signalisere at det psykososiale miljøet er viktig, og alle tilsette må ha ei konsekvent og felles vaksenrolle i høve alle barn og unge. Slike fellesskap gir minst grobotn for mobbing og negativ åtfærd frå barn og unge.

Førebyggjande arbeid knytt til det psykososiale miljøet må ha merksemd i alle foreldregrupper og rådsorgan i barnehage og skule. Både i barnehagelov og opplæringslov er det slått fast at barna har rett til eit trygt og godt miljø. Barn og unge si stemme skal kome tydeleg fram i førebyggjande arbeid og i

einskildsaker, og elevråda og ungdomsrådet skal vere aktive bidragsytarar.

Sektor oppvekst skal bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med lek, fellesskap og glede.

Barn og unge sin rett til medverknad på alle forvaltningsnivå er nedfelt i Barnekonvensjonen. Ein trygg og god oppvekst skal inkludere rom for å kunne medverke og ytre sine egne meiningar. Ved å gi dei unge rom for deltaking og reell medverknad, vil ein dessutan kunne skape engasjement og eigarskap til barnehage og skule.



## 2 Meistring og læring

Alle barn, unge og vaksne skal utifrå føresetnadene sine ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine.

For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle skal oppleve meistring gjennom gode og varierte erfaringar. Dei som har erfaring i å meistre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Desse får gode og positive erfaringar knytt til

eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagt den einkilde, skal dei tilsette bidra til at alle barn, unge og vaksne opplever motivasjon og glede over eiga meistring i det daglege.

### Ønska resultat

- At barn og unge får god omsorg i eigen familie
- Tidleg støtte og gode tiltak til foreldre som har behov for å styrke omsorgsevnen
- Tilsette legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barn, unge og vaksne. Spele på den einkilde sine styrkar og eigenskapar.
- Felles strategi for tidleg innsats, i samhandling med andre tenesteområde
- At barn, unge og vaksne trivest og opplever tryggleik og meistring, både fysisk, sosialt og emosjonelt
- Barn, unge og vaksne har moglegeheit til å delta og bruke evnene sine uavhengig av føresetnader
- Barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar får god opplæring i norsk for å bidra til raskare integrering og deltaking i fellesskapen
- Betre psykisk helse hjå barn, unge og vaksne
- Avdekking av lese-, skrive- og lærevanskar på eit tidleg stadium.
- Betre universell undervisning, der ein i læringsfellesskapen tilpassar undervisninga mest mogleg
- Auka læringsutbyte fagleg og sosialt
- Einingane i sektoren skal nytte profesjonsfellesskapen slik at tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin
- Auka deltaking i vidare utdanning og arbeidsliv
- Redusert fråfall i vidaregåande opplæring

#### Læreplanen seier i sin overordna del at

livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv

#### Barnevernlova slår fast at

tenesta skal sikre at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

#### Barnehagen sin rammeplan seier at

barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd





For å nå målsettingane og lovkrava over, må tilsette legge til rette for at kvar einiskild får oppleve meistring ut frå sitt potensiale. Vi må i fellesskap støtte opp om barn, unge og vaksne sin kompetanse i å lære. Tilsette må evne å motivere og hjelpe til å utvikle strategiar for å handtere utfordringar, evaluere seg sjølv, utvikle forståing for at læring krev innsats og uthald. Slik utviklar ein haldningar og forventningar om at ***Eg kan lære!***

I eit trygt miljø vil fleire våge å ta fatt på nye utfordringar. Gjer ein feil, så lærer ein likevel noko verdifullt undervegs. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve at dei tilsette bryr seg om dei, tek dei på alvor og vil gjere sitt beste for å støtte opp om vidare vekst og utvikling.

Vidare må det fysiske og psykiske miljøet vere slik at det er godt å vere der. Forsking viser at den vaksne si evne til å etablere eit godt sosialt miljø, samt samarbeide tett og godt med heimen, er viktige faktorar for å fremje læring og utvikling.

Menneske med anna morsmål enn norsk, og som vert busett i kommunen vår, er menneske med erfaringar og kunnskapar som er viktige for fellesskapen i Volda. Språk er viktig for opplæring, utvikling, integrering og arbeid mot utanforskap. For at barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar raskt skal

tileigne seg norsk språk, og raskt skal bli integrert i sitt lokalmiljø, må språkopplæringa skje i nært samspel med aktivitetar der språket blir praktisert i naturlege samanhengar. Barn, unge og vaksne frå språklege minoritetar skal få opplæring utan ugrunna opphald. Så snart som mogleg skal dei integrerast i ordinært opplæringsløp. Språkpraksis for dei vaksne skal vere ein naturleg og integrert del av løpet.

Alle tenester i sektoren er førebyggjande og helsefremjande tenester, der ein har fokus på tidleg innsats på alle område. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i den enkelte si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår.

Tidleg innsats inneber førebyggjande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste.

### Sektor oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- Universalførebyggjande tiltak for alle barn og foreldre for å hindre at vanskar oppstår.
- Selektive tiltak for barn og foreldre med risiko for å utvikle vanskar.
- Indikative tiltak for barn og foreldre med behov for særskilte tiltak.

Alle barn skal gjennom fleire overgangssoppsessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike avdelingar, barnehagar, skular og mellom ulike skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbiletet og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevde som gode for både barn og foreldre.

### Utvikling av tenestene

- Vidareutvikle tilbod om spesifikke tiltak for barn og unge som har særskilde omsorgsbehov, eller som bur i familiar med risiko for omsorgssvikt
- Vidareutvikle rutinar for arbeidet med barn og unge som har anna morsmål enn norsk
- Styrke tverrfagleg samhandling
- Gjere undervisninga i skulen meir praktisk, variert og motiverande
- Systematisk arbeid for å implementere det tverrfaglege temaet *folkehelse og livsmeistring*
- Heve kvaliteten på leseopplæringa, blant anna ved vidare bruk av SOL (systematisk observasjon av lesing).
- Vidareutvikle rutinar for alle overgangar med fokus på erfaringsutveksling og sikre samanheng og progresjon i læringsinnhaldet.
- Utvikle rutinane og strategien for tidleg innsats i heim, barnehage og skule
- Styrke rettleiingstilbodet til foreldre og fosterforeldre
- Gjennomføre brukarundersøkingar og følgje dei opp på ein systematisk måte



## 3 Gode tilbud og tenester

Sektor oppvekst er ein lærande organisasjon der ein legg vekt på erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling. Dette må ligge i botn for at vi skal kunne sjå kvar ein skild og møte behova deira.

Det er viktig for tryggleik, trivsel og utvikling at ein møter godt kvalifiserte tilsette som nyttar metodar og program som syter for at den ein skilde får den oppfølginga ein treng. Rett hjelp og oppfølging til rett tid er eit sentralt mål.

For å lukkast med målsettingane for dette tiltaksområdet, er kompetansen til dei tilsette avgjerande. I tillegg er samarbeid og samhandling med foreldre viktig.

Lærande organisasjonar er kjenneteikna av at deltakarane er engasjerte i å skape og dele kunnskap om korleis dei best kan nå organisasjonen sine mål og ønska resultat. Ein er del av eit profesjonsfellesskap som kontinuerleg reflekterer over eigen praksis, og søker stadig å utvikle seg som fellesskap og enkelttilsette.

### Ønska resultat

- Dei samhandlande tenesteområda skal kjenne kvarandre sin kompetanse
- Dei tilsette praktiserer tverrfagleg samhandling, erfaringsutveksling og dialog
- Barn, unge og vaksne har tilgang på gode tilbud og tenester og heilskapleg oppfølging
- Barn, unge og vaksne møter tilgjengelege tilsette med rett kompetanse som er trygge i rollene sine
- Omsorgssvikt vert avdekt på eit tidleg stadium
- Alle tilsette opplever eit inspirerande arbeidsmiljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering
- Dei tilsette nyttar kunnskapsbaserte metodar og program som følgjer sentrale tilrådingar
- Dei tilsette har høg grad av omsorg, og framstår som trygge og tydelege vaksne
- Tilsette legg til rette for godt foreldresamarbeid
- God trivsel og læring i barnehage og skule
- Tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og dugleik knytt til aktuelle tiltak, program og metodar innan sitt virke
- Barn, unge og vaksne utviklar digital kompetanse som er nødvendig for å delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv



Dei tilsette skal kjenne seg trygge i arbeidet sitt. Gjennom oppfølging og tverrfagleg samarbeid får tilsette gjensidig støtte til å utvikle vaksenrolla.

#### **Sektoren skal gi støtte i høve utfordringar som barn og unge møter. I dag ser vi mellom anna utfordringar knytt til:**

- Kunnskapssamfunnet som skaper utanforskap om ein ikkje lukkast på skulen
- Utdanning og framtidig yrkesutdanning - å gjennomføre vidaregåande skule
- Oppleving av stress og det å ikkje strekke til
- Barn og unge si psykiske helse
- Kroppsbilete
- Bruk av sosiale medium
- Einsemd og lite deltaking i organiserte aktivitetar
- Generell velstandsauke versus barnefattigdom

Vi vil vere med å skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø.

I eit slikt miljø skal kvart einskild barn og ungdom oppleve god støtte fagleg og sosialt, slik at ein kjenner seg verdsett.

Dei jamlege møtepunktta mellom foreldre og tilsette er viktige for å førebygge vanskar. Det skal leggst vekt på dialog og samarbeid. Ein skal ha målsettingar og forventningar til samarbeidet.

Vi ønsker god samhandling mellom dei ulike faggruppene og avdelingane. Samhandling handlar om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlege dialogen mellom dei som arbeider saman for å oppnå eit felles mål.

Sektoren har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Ein legg vekt på arbeidsplassbasert kompetanseutvikling der kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis, gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis.

#### **Utvikling av tenestene**

- Vidareutvikle rettleiingstilbodet til foreldre
- Innføre og gjere seg nytte av det digitale verktøyet Digibarnevern
- Sikre kompetansetiltak for tilsette i høve vaksenrolla, relasjonsbygging, tidleg innsats, tilpassa opplæring, vurdering for læring, læringsleiing, fleirkulturelt mangfald.
- Tydeleggjere forventningane til kva som ligg i rolla til den enkelte tilsette
- Alle einingar skal vere lærande fellesskap kjenneteikna ved god tilrettelegging for erfaringsdeling. Det skal reflekterast over god praksis saman med andre
- Sektoren bruker kunnskapsbaserte metodar og program
- Alle einingar skal ha fokus på nærvær og arbeidsglede og aktivt følgje opp rutinar for Inkluderande Arbeidsliv (IA) og plan for helse, miljø og tryggleik (HMT).
- Felles system for prosedyrar og rutinar skal jamleg

oppdaterast

- Sektoren skal ha eit internkontrollsystem for oppfølging av kvalitet som:
  - fører til utvikling
  - gir fagleg støtte
  - gir breitt innsyn i einingane sitt arbeid og resultat.
  - legg til rette for god dialog
  - avdekkar og lukkar avvik

Det er i møtet mellom barnet, den unge og den eller dei vaksne at sektoren sin visjon skal oppfyllest. I desse møta kan det skje at livet til den enkelte får ei ny retning, og når ein ser tilbake på desse møta som vaksen kan ein sjå enkeltpersonar som gjorde ein skilnad.

## Liten gut fortel

Jan-Magnus Bruheim frå boka

«Doggmorgen og andre barnerim»

Diktaren Jan-Magnus Bruheim set i diktet Liten gut fortel ord på kva den vaksne si tilnærming til eit barn kan ha å bety. Diktet kan vere ei inspirasjonskjelde for alle. Diktet er gjengitt med tillating frå dei som sit på rettane til hans dikting.

*Eg fekk det ordet eg var tverr  
og lei og vrang og sky og skjerr.*

*Eg ikkje anna høyre fekk,  
og sturen var eg kvar eg gjekk.*

*Visst er eg vrang og vond og sur,  
eg må vara slik dei trur.*

*Så hende det ein vakker dag  
at all ting fikk eit anna lag.*

*Igjennom veggen hørde eg  
at nokon tala godt om meg.*

*Eg ville ikkje lyde på,  
men stilde meg så lett på tå.*

*Og hørde eg før eg smeit meg ut:  
«han er så grei og gild den gut».*

*Eg kvakk litt til, men var så glad  
då eg fikk høyra kva dei sa.*

*Eg gøynde meg og sto og gret,  
men alt i kring vart så ljost og let.*

*Og midt i gråten tenkte eg,  
at når dei trur så godt om meg*

*då skal eg jamn  
syna dei at eg kan vara god og grei.*

*Dei godord gjorde dagen bjart.*

*Å du, kor hjertevarm eg vart.*

### Kjelder

- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015): Trygghet, deltakelse og engasjement <https://www.regjeringen.no/contentassets/2b16dd79c34f46e49aa580b48b955af8/samlet-plan-for-barn-og-unge.pdf>
- FN sin konvensjon om barn sine rettar: <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/barnekonvensjonen>
- Folkehelsemeldingen - gode liv i eit trygt samfunn <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/>
- Kunnskapsdepartementet (2015): NOU 2015:2 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø <https://www.regjeringen.no/contentassets/35689108b67e43e59f28805e963c3fac/no/pdfs/nou201520150002000dddpdfs.pdf>
- Barnehageloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Barnevernloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Folkehelseloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
- Helse -og omsorgstjenesteloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>
- Helsepersonelloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64>
- Integreringsloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-11-06-127>
- Opplæringslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Pasient- og brukerrettighetsloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63>
- Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Rammeplan for SFO: <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>
- Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>
- Diktet Liten gut fortel: <https://www.utposten.no/asset/2012/2012-08-15.pdf>
- St. meld. nr. 16 (2006-2007): ... og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring. <https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/pdfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf>
- St. meld. nr. 31 (2007-2008): Kvalitet i skolen. <https://www.regjeringen.no/contentassets/806ed8f81bef4e03bccd67d16af76979/no/pdfs/stm200720080031000dddpdfs.pdf>





Volda  
kommune

# Oppvekstplan

Sektor oppvekst | 2022-2027